



16x Bergen Slettebakken
Bergen, 19. mai 2003

Årmanøver 29. mai

På himmelspretten kvart år samlar alle speidarane i Bergen seg til manøver på Fløyen. Det vil vera speidar-, småspeidar- og familieløype.

Tid og stad: Småspeidarane møter med Skansemyren stasjon på Fløybanen kl. 9.30 (senest). Avslutning same plassen kl. 16.30. Ha med pengar til Fløybanen, helst i småpengar (25 kr. er nok). Dersom nokon ynskjer å møta oss på Fløyen eller henta borna på Fløysletten, so ring og gjer ein avtale på førehand.

Utstyr: Matpakke og drikke, speidarkniv, blyant og litt papir, speidarsjal. Dei som har speidarskjorte, bør ha ho på; hugs å sy på alle merka som de har fått. Det kan vera kjekt å ha med pengar til ein iskrem...

Foreldre og familie: Det plar vera mykje folk på Fløyen på himmelspretten, og speidarane byd på eigen familieløype. Foreldre og småsysken kan ha stor glede av ein tur den dagen. Me treng òg eit par ekstra vaksne som kan hjelpa til i småspeidarløypa, både som postvakter og til å fylgja etter småspeidarane slik at ingen går seg bort.

Sjølve arrangementet opnar kl. 11 på Fløysletten. Me reknar med at småspeidarane er tilbake der mellom kl. 15 og 16, slik at me kan dra ned til Skansemyren kl. 16.

Avslutningsmøtet 16. juni

På siste møte 16. juni skal me padla kano på Tveitevatnet. (Me skal altså *ikkje* vera på Nattlandsfjellet likevel.)

Me treng hjelp av eit par sterke vaksne til å bæra kanoar like før og etter møtet. Dersom me har fem foreldre med oss, er jobben gjort på ti minutt. Mao. me vil gjerne ha litt hjelp av alle dei som køyrer borna til møtet den dagen.

Pinseleir 7.-8. juni

Me minner om pinseleiren 7.-8. juni. Presist skriv kjem ut neste måndag og påmeldingsfrist er måndag 2. juni.

Leirplassen er den same som vi nytta til lavvuturen i mai. Prisen er 75 kr. som m.a. dekkjer middag på laurdagen. Start frå Hauglandsdalen laurdag kring kl. 12 og avslutning sundagen kring kl. 17 (det kan koma mindre endringar i klokkesletta). Elles er utstyr og liknande som det har vore på lavvuturane.

Speidarhelsing
Kjersti og Hans Georg